

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sauda

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag:

Oppskr. av: Dorteia Rabbe, 80 år

Gard:

(adresse): Saudasjøen

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Oppskriftene delvis etter Gurine Saua, 84 år gamal.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn (ta også med alder, heimstad, yrke):

*og Marte Grønsdal 82 år*

## SVAR

Nr 1

Det at ein kross av trepinnar låg rett nedfor foten var dødsvarsel, likeeins at ein tok i dørlåsen på ein gong to personar - *og på kvar si side av duri*

Og legg ein hund seg innfor dori og med snuten på dori tydde det ogso ~~geg~~darbod.

Når ein hund tok til å grava holer i moldi, sa gamle Eli, 90 år gamall: "No vil han nok grava meg ned." Få dagar etterpå døydde ho brått. Men nokre dagar før dette hende og ho ikkje hadde vore tilsengs bad ho sonen sin verma storegryta med vatn og ta inn ein stor trebalje so ho fekk vaska seg og gjera seg ferdig og sleppa ha andre til å greida med denne siste vasken av lekamen hennar. Ho vaska seg over det heile og tre dagar etter var ho død.

So det må vera noko sume folk kjenner på seg når døden nærmar

seg.. *Kan Lunda var det hunden som vaska henne?*

Sumetider når det høyrdest steg utanfor og ingjen kom trudde dei det var fyrevarsel.

sp 5. Gurina Saua fortel at ho Sissla Kjødnadrød strauk sonen sin over håret og fann ei lus i handi. Då sa ho: "Kven

mon som er feige no?". Det vart diverre denne guten og bror hans dei drukna gjennom isen på Tjørni nokre dagar etter

sp 6 Gurina Saua fortel etter ein Ola Vanvik som låg for døden

(det er vel ein 60 -80 år sidan): "Vett de kva eg har so hug på. Eg hadde so grueleg hug på morrspylsa."

1/14 det det skal ha til reisemåltid, sa kona hans. Han fekk pølsa

13095

2, **NORSK ETNOLOGISK GRANSKING**

Det syner at det er noko i det med ein slags hunger på det siste. "orrpylsa er ein god og vellikt mat for friske folk, men ein skulde ikkje tru for sjuke. Men det kjem vel av at dei har hug på eitkvart som dei visste var godt fyrr i tidi.

sp 9 Det var tildels skikk å opna døri el<sup>r</sup> vindauga når ein var dødssjuk, det svala mens dei leid. "en noko slag rop uti veret kjenn

ner me ikkje til her.  
sp 10. Å senda bod etter presten har ein ikkje kunna i alle dei år bygdi var anneks og det var utruleg lang og vond veg, serleg vinter dag for presten å koma hit. "en dei sende sumtid bod på ein akta og truande mann til å letta sitt hjarta for på slutten. Soleis sende ~~Ola Saua~~ Ola Saua for ca 80 år sidan bode etter Ole "enriksen og ba han be for seg. Henriksen var predikant og reiste kringom i bygdane, men hadde sin heim her, på Fostveit.

Elles var det å senda bod til den som ein hadde full tiltru til om det var noko som tyngde i siste stund.

Etter bygdi fekk eigen prest for eindel år såidan nyttar nok sume han, Elles andre truanade med godt vitnemål. Men sjelesorg som i gamle dagar er det mindre av no.

Det fanst fyrr sume kvinner som stod so høgt i kristeleg leid at dei vart nytta både til å fyreta heimedåp og til kristeleg hjelp elles. Den dag i dag sender ein bod til presten for å få sakramenet heime for den som er mykje sjuk

Når nokon låg på det siste vart det ofte sendt bod til nerraste slekt og til nerraste grannane som då gjerne sat til døden inntraffte.  
sp 13. "a det hendte at dei døande sa fyre ymse om likferdi si og ordna med mangt fyrr dei for. Some tinga ogso kista til seg med dei endå var på føten. Og dei hadde ofte materialet liggjande til kista lenge. No er det heilt avlagt, det er forretning som sel kister og likklær.  
Vedk sp. 5 har eg fått litt nytt idag av Helge Ørmland, 89 år.

*ein* Han såg eing&ng ~~nåxløx~~ njåljos. Det var ein kveld i ungdomen han og ~~anden~~ vart var det lyste i eit hus det ikkje budde folk. dei var nyss utflytta. Strak<sup>r</sup> etterpå døydde ein av dei gamle som hadde budd i huset. Me har ofte brukt ordet "som eit njåljos " når det var eit veiktt eller blåagtigt ljøs. "en har ikkje tenkt over den gamle tydingen at det skulde varsle død.

3

Emne: Død og begravelse.

Tiden millom dødsfallet og likferdi.

sp 14 Ein nytta alle dei opnemde uttrykk som fara av, somna, flytta (mykje brukt), slokna, sleppa.

sp 15 Dei bruka halda ein liten spegel framføre munnen på den døde, dersom det kom dogg på levde vedkomande.

Me har ikkje høyrte om nokon skindød her, men dei har

sp 16. sumtid frykta for at det var skinndød. Og då bruka dei få lensmannen eller ein annan påliteleg mann til å stikka liket i fingren eller skjera i han med ein skarp kniv. K, m det ikkje blod ut var vedk. død. Då to smågutar drukna på Rød i 1890 åra var dei so raudlette som lik at det var mest ugoodsleg.

Men då gjorde dei prøven med å stikka <sup>hol</sup> i fingren.

På Fløgstad var det eit likande tilfelle noko tidlegare.

Og i Stavanger fortel Gurine Saua der var ein verkeleg skinndød.

Men fyre han vart grølagd var det noko som datt ned i stova <sup>der</sup> kista stod, og då vakna han og reiste seg op og sat i sengi då folk kom inn. Dette hende for godt og vel 65 år sidan, kanhendameir.

sp 17 Ja ein la ein mynt på augo.

sp 18 og la salmebok under hoka.

sp 19 a ein bad saman nerraste grannar når nokon døyde.

Ein laga som ei liti høgtid den dagen ein la ein død i kista. og bad nerraste slekt og grannar ~~til~~ og song og les.

sp 20 Det var ikkje nokon bestemt til å gå etter grannane.

21 Har aldri høyrte at dei varsla hysdyr om dødfall.

sp 22 Ein hengde laken for vinadua <sup>ein</sup> og sumtid stansa klokka.

sps 23 Jamnast eit døger fyrr ein flytte lik frå sengi.

sp 25 Ein la liket frå seng og i kista, dersom denne var komen til h <sup>h</sup> eit døger etter dødsfallet, og det var knytt ei liti, meir einfald høgtid, til det å leggja i kista, sjå under sp 19.

sp 26 Ein meiner den døde ligg på likstrå anten det er i seng eller på høvelspån i kista.

4  
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sp 27 Sengjehalmen vart boren ut og kasta i skuten eller i brend.

sp 28 Nei ein brende ikkje klær eller anna etter den døde.

sp 30 1 døger.

sp 31 Grannkoner i regelen

sp 32 Nei

sp 33 Ja håret vart stelt

sp 34 Ja.

sp 35 Veit ikkje det

sp 36 Ja.

sp 37 Kjenner ikkje det her.

Likklær.

sp 38 Likklær.

sp 41. Ikkje her det me veit.

sp 42 Liket vart jamanst kledd i fin skjorta og sokkar,

og kvinnene huva på hovudet, kvit linhuva helst.

men det er meg fortalt at det hende kvinner vart pynta med sit finaste

silkehovedplagg. Som to konor på Løland (grannebygd vår) <sup>i Sand</sup> dei låg

medljøse, vakkert broderte, silkeplagg. Men dette var gard der var

välstand og mykje fint av plagg og klær.

Har berre høyrte om eingong ein man var kledd i sine beste klær

som lik, men denne mannen var <sup>Kornen</sup> frå ei bygd langt inn i Åkerfjorden.

Me veit ikkje av at folk hadde liksjorta liggjande .

Ein gamall mann som var gravar for ein 60 år sidan fortel at dei

grov fram eit lik som var kledd i ei fin skjorta med mange fine

knappar framme, det høyrdest mest ut til å vera eit slag trøia.

Det var kvinnelik.

sp 44 <sup>staut</sup> Nei det var i seinre tid av ~~staut~~ <sup>staut</sup>, lerret av bomull.

sp 45 Nei.

sp 46 og 47 sjå ovanfyre.

sp 48 til 50 Ikkje kjendt

sp 51 Truleg etter 1900, fyrr kjøpte dei staut og sydde heime.

sp 52 Ja.

sp 54 Ukjendt

sp 56 Ukjendt, sp 57 likeeins

sp 58, Ja sume fekk laga seg kista med dei endå var "ende" på ende <sup>u</sup>

Framnald av Likkjør m.m.

sp 58 Mange hadde kistematerial liggjande ferdig, det var ikkje so lettvindt få det fram om døsfall kom fort på.

sp 60 Sovidt eg hugsar sette dei berre tjukke tog rundt kista og heldt i dei når dei bar. Men etter her vart råd få kjøpte kister er det

i dei alltid hankar å bera i  
sp 6i Det var einkvan som var kunnige med sovore arbeid og fargen var alltid svart. Frå 1920-30 åri kom her kvite kister i handel og no er dei vanlegast.

65 Høvelspon.

sp 68 Inegnting med i kista som me veit om.

sp 69, 70, 71, 72 Nei til alle dess spursmåla.

74 Ja grannar og nerre slekt kom samn til kisteleggjing og song og les.

sp 75, ja litt kaffi var det nok jamanst, men aldri dans.

sp 76 På låven eller anna greit uthus og sumetider i eit kammer i huset for dei som ikkje hadde so mykje hus.

sp 78, 79 ,81 det vart strøydd i tunet, elles ikkje nokon pynt.

sp 82 Ja til dei bar ut, då vart kista snudd so hovudet kom først.

sp 83 Kista stod opi til dei skulde ferda seg til å gå, var so til nokon hadde hug å sjå den døde. Men sumardag og i sume andre tilfelle vart kista attleti og pynta fyre folket samla seg til å gå.

sp 84 det var eit firkanta stykke ty som ein serviett, han vart kalla svettaduk.

87 Nei ikkje gravkapell endå, men det arbeidast med et.

Millombils har dei sett op eit gamalt våningshus som dei kan setja kista i ved den nyaste kyrekjegarden, På Brekke .

Men no arbeidast for å få til kapell både i Saua og Saudsjøen.

Ja det er sandt, i Hellandsbygd som ligg mest 2 mil frå sentrum har dei ei årrekkje hatt kapell.

6/ **NORSK ETNOLOGISK GRANSKING**

Sorg. Frmhald av stykke likferdsskikkar.

- sp 89 Ja ein gjekk gjerne stillare i dørene med det låg lik i huset og undgikk unødige larm og leven og grovarearbeid .
- 90 Ein for ikkje med større arbeid eller sver travlhet den veka det var lik i huset.
- sp 91 Sørgetidi rekna ein eit år, men mange som hadde misst ei mor eller andre dei var kjær i gjekk gjerne svartkledde i mange år av heder for den døde.
- sp 93. Folk gjekk heilt svartkledde i likferd so ein måtte, ial fall dei eldre, alltid eiga svart kjole og svart hovedplagg, kvinnone då.
- sp 94 Nei, I kvardagslaget gjekk ein ofte kledde som fyrr, men når dei var ombytte var det heilt svart .
- s p 95, 96, 97 Kjenner ikkje døme her.

Synge ut liket.

- sp 98 Likferder hadde ein anten på tysdag, torsdag eller laurdag. No er det oftast på laurdag då folk har meir fri til å fylgja.
- sp 99 Ein har sagt likferd. "en i seinra år er det nokso væ leg med begavelse."
- sp 100 Ein tek til å syngja i syrgjehuset iser om kista står der, som ho helst gjer, ikkje på låven, då ved avferdi..
- No ser ein ofte dei set kista i tunet og heldt då andakten og salmesongen der. *Det er i gaudum av det litaet er nok* Og det er to menn som syng men ikkje no lenger med dei gamle trimulantane, men elle s langsamt og verdigt.
- Det er fortalt frå Suldal som Gauda var anneks til fyrr i tidi at det var for eindel år sidan ein kunstmålar som var på vitjing, og han hadde i fylgje ei engelsk dama, og so trefte det til ei likferdsfylgje kom forbi og dei song på den eldgamle måten. Den framande dama uveta (be svimte) slik tok det på høyra denne songen, han var visst so middealderlig i tone og rytme. I dei siste år er det gamle burte ogso i Suldal..
- Ein song eit vers for kvart hus ein gjekk forbi fyrr-elær gard-helst. No er her so tett med hus at den skikken kom naturleg burt.
- So syng dei når dei går gjennom kyrkjegardsporten og alle tek av seg

13095

*hullet*

7

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Framhald: Synge ut liket.

sp 103 - 112 Ikkje kjendt her.

sp 113 Sjø ovanfyre..

sp 114 -116 Vår bygd var anneks til ikring 1920 åri og då var det sjeldan ein prest var i likferd her og tala. No er alltid presten med. Det var songaren , ofte klokkaren som song og sumtider tala. Og elles kjende, truande menn i bygdi.

sp 117 Nei, ikkje her, men i Røldal var den skikken lenge helden oppe.

sp 119 Mannlege slektninger eller grannane ✓

sp 122 Med hovudet fyrst

sp 123- 124 Ikkje kjendt her.

sp 125 ja ein strødde eit stykke forbi tunet om ein hadde nok bar til det, her i bygdi er det furebar i sofall.

sp 126 ja dei sette kista på tillaga krakkar aldri beint på tunet

sp 127. Syngjrane fekk syngjarkaffi. Elles fekk alle som møtte mat fyrr dei drog til kyrkjegarden.

Kvinner fylgde sumetider eit <sup>stykke</sup> stykke på vegen, det er avhengig av veglengden og føre o.a. No fylg alle som møter op i syrgje huset til kyrkjegarden. Er det lang veg brukast det tildels buss for fylgjet

sp 130 Veit ikkje, men so langt eg husgar tilbake var kvinnene med til kyrkjegarden anna dei som måtte stå i med matstellet heime. For folk skulde ha mat når dei kom tilbake ogso, meir og minder flott etter som råd og høve var.

sp 131 Døt er truleg den seinre tid som set eit svert fylgje som so herdslegt og gjevt. I ganle dagar då vegane var få og vonde måtte det ofte vera berre dei vaksne mannfolki som kunde fylgja.

Her i bygdi var det til kring 1870 åri smått med køyreveger og bruer over dei største elvane og dette gjorde at eit likfylgje ikkje kom fram til kyrkja på ein dag, dei sette då liket i eit stort eldgamalt naust i Sauasjøen og so gravla dei dagen etter.

Ja dette var fyre kyrkja vart flytt til det nye sentrum Sauda. i 1866. No er det kyrkjegard både i Mellandsbygd og indre og ytre

Sauda

framhald av emnenr 64, Gravferd.

- sp 132 Sume av grannar brukte å punta utanfyre sine hus på vegen der fylgje skulde fara forbi, men ikkje nett alltid, det måtte tas omsyn til føre, vinteren mykje snø og klake kanhenda, for sume tungt å finna tak i bar. Det var som nemt furubar her då her ikkje veks gran anna slik som er planta. Og so er her einer(brake) den kan ogso nyttast når han er finhakka og frisk.
- sp 134 Ein heiser flagg på halv stong på gravferdsdagen, ikkje elles. Men flag er ein nokso ny stas. Det fyrste flag i bygdi kom ikr 1860 åri og det reine norske flag fyrst i 1880 åri, vistnok, det var endå min far spm var først ute med det. No har mange folk flagg.
- sp 136. Ja ein heiser flagget tiltops etter gravferdi., dersom ein veit at liket er til jordar kome.. Ein ser etter når folk fer på heimveg om ein bur so til.
- sp 139. Ja, sjå ogso ovanfyre.
- sp 140 Ein stod utanfor huset, og menn tok hatten av når fylgjet gjekk forbi.
- sp 142. Ukjendt her.
- sp 143. Der var likhidler på veg frå Mellandbygdog til bygdar
- sp 146 Nei
- sp 148 Ein kjørde langsamt til kyrkjegarden og havlffort heimatt
- sp 150. Nermaste granne som hadde hest
- sp 151 Kjøraren gjekk på sida alltid
- sp 152 Songarane gjekk fyre øyken
- sp 153 Der ein ikkje kunde bruka hest laut folk bera i gamal tid
- sp/54 Ukjendt, likeiens sp 155.



9

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

framhald av emnenr 64

På kyrkjegarden

sp 156. Ein stogga hesten utanfyre kyrkjegardsporten og tok då kista sleden, kjerra / beint av ~~kixxa~~ og bar henne innpå kyrkjegarden *opp til gravni*  
Og songarane gjekk fyre og song.

sp 157 - Veit ikkje  
sp 159 Dei same som bar ut frå heimen.

sp 160 Nei.

sp 161 Etter me fekk ~~x~~ prest her *hald audaker* møter han op i syrgjehuset og fyl til kyrkjegarden .

sp 162 nei.

sp 163 Det siste brukar dei bera kista inn i kyrkja og syngja og

sp 164 leggja på kransar der som i byane a, 165, nei.

*Sette gjeld berre indre  
fanda der no kyrkja står*

sp 166. Det vert rint når likfylgjet er synleg for ringaren på veg til gravi, ~~ikkje~~ *etterpå*

sp 167 Det veit eg ikkje, det har vøre gravar iminsto dei siste hundre år. Men folket, manfolki, greier med å grava over. Unntaken i det allersiste då gravaren gjer det etter folket er gått av kyrkjegarden.

sp 171 Nei.

sp 172. Den døde skulde ikkje gå att-er ei segn.

sp 174 Ein skar bokstavane til den døde i ei fjøl og sette i gravi so presten fann rette gravene når han i si tid kom og kasta jord på.

Spærlege tilfelle.

sp 176. I siste tid får ein sjølvmdardar same stell som andre

sp 180 Udøpte born vart grølagde i gravi til næraste slekt.

sp 181 Dei sette dei ned i slektnings grav.

Gravøl.

sp 182 Likferd

sp 183 I min ungdom var det mykje ei eldre ~~gjekk~~ kona som bad til likferds. Eller ein eldre kvindeleg slektning av den døde

sp 187 Kona reiste seg opp og stod verdig, helst nerre dørj og sa:

" Eg skal helsa frå N.N. om de vilde vera so gilde og fylgja

N.N. *eller likferd* (namnet på den døde) til gravi om tysdag.

13095

~~So får de ta tiatakke med~~ So får de ta bødet godt nok. og utan førning.

10 *Sallegg 4/187 = De får lita på bodene*  
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sp 188 Ja, når vedk. hadde stunder å stogga sopass. "en når ho skulde til

mange hus og heimar kunde ho ikkje eta allstad, berre der det var

lang veg heim tok ho kanskje imot.

sp 189. Nei.

sp 190 Ein dag. Men skyldfolk med lange vegar kom kvelden fyrr til

gravferdsgarden, og sumtid låg dei over etter gravferdi ogso, det

var ettersom dei hadde lang veg, gjerne til ei grannebygd eller ei.

Elles møttebearlaget frå <sup>(grendi)</sup> kl 11 fyremiddag til vanleg. Dei som bar

mjølk måtte sjølv sagt vera tidleg ute, men dei gjekk beint heimatt.

Men annan førning hadde dei med seg når dei kom.

sp 191 Til vanleg 3 måltid, men alltid to, eit fyre og eit etter gravferdi.

Skikken er sogodtsom slutt no. Dei får gjerne kaffi fyrr dei går, og

etter gravferdi går dei rett heim til seg sjølve. Sume gonger er

det ingi traktering. I gamall tid var det slik at dei som var på

fatigkassa, på bygdå, som det heitte vart ~~trakterte~~ gravfylgje traktert

med "sjenk og kringla" d.v. sggja eit lite staup med billeg vin og ei stor

vassskringla til. På slutten av denne skikken kring 1900 brukte dei

gjerne krans eller jødekaker i stadenfor kringla. Skikken er heilt burte.

sp 193. Det var i blandt til for hundre år sidan brukt smørgraut til

traktering i gravølet til ugift kvinna, dei sa det var bruragrauten.

Om det var vanleg ~~sikk~~ kan eg ikkje segja. Men eg veit det var ein

viss kvinna eg hørde dette om, ho døyde ikr 1850 åri

sp 194 Nei

sp 196. Folk prøvde å ikkje ha noko storarbeid fyre når det var gravferd i

nærleiken

sp 196 Dei som hadde lange vegar hadda sendingen med seg sjølv sagt,

dei med stutt veg sende gjerne ei gjenta med sendingen på fyrehand.

og dei vart bodne kaffi som kom med sending

sp 1999 Nei.

sp 200 Kjenner ikkje til halve sendinger.

sp 202 Ein brukte i gamle dagar gjerne ein dram til morgons for dei som overnatta. Etter det var slutt med å bryggja øl heime er det ikkje brukt alkohol i likferder.

sp 204 Ein sender ofte krans no og ikkje førning, men det hender folk sender

begge deler

sp 205 Litt fyre 1900

sp 206. Kransen vart laga heime av myrter som dei gjerne hadde ein busk

av i kvart hus og litt ville blommar eller mose og lyng. Sumtid ogso

litt granbar  
av plantaelgran t.d..

11  
 206  
 Heimelaga kransar. Det hende ein kunde lga ein retteleg fin krans om fyresumaren av grønt og linnea. Elles fortel ho Gurine Sæua at Bertha Lea, fødd 1861, batt kransen på papp og i midten skreiv på kvitt papir eit lite fint salmevers, det gjorde seg bra i den tid ein ikkje var so stornøgde.

sp Og ein brukte mykje og bitta lange lyngkransar og sette rundt heile kista, eller krans av granbar og anna grønt. No kjøper ein helst kransane frå forretning.

sp 207 Nei. ikkje heimelaga ialfall.

sp 209 Kransane vart liggjande på gravi til dei var heilt visne og so kasta. Litt kransar fylgde elb s med nedi gravi .

sp 210. Det er kaffi og fløytekaker og smørbrød og ofte lefse og vafler og enkelte ganger ogso smørgraut. *og dravle (gorn) eller ludehus*  
 I det siste har en begyndt med traktering på hotell, serleg når folket har so lang veg heim at fylgjet ikkje rekk å gå tilbake. Gravferder midt i tjukkbygda går gjerne sumtid for seg utan nokoslag matstjorn anna for dei nerreaste.

sp 212 Det tok so smått til for 50 -60 år sidan i ialfall millim dei sokalla kondisjonerte. Men vanleg avertering er fyrst i dei aller siste år vorten ålment. Avisene når ikkje fort nok fram heller for dei som bur svert usentralt. No har me i bygdi eit lite lokalblad og der averterer alle. Og der takkar ein gjerne for opmerksomheten eft gravferdi ogso. Byskikkane breider seg heller fort no.

*Saida er fra 1914 vorten indiskviduelt og fort om farma.*

↳ Eigt tillegg om varsel for dei som er feige.

Kattugla, helst steinulven, ul på mønet på løa eller huset varsla død . Når ei skjer skrattar på toka er det ogso gale.

Når småfugl pikkar på ruta var det ogso varsel. ( det høver ikkje no då småfuglen skal pikka av all kitten kring rutene og pikkar i tide ogguti de.)

Når hanen gjel; seint på kvelden er det dårlegt merke. Sand slik at det er hane som gjel  
 Elles er det i sjon på kvelden er det dårlegt merke.

12

Når hanen gjel seint på kvelden var det ogso dårleg merke,

Elles er det ei segn frå lenger nerute i fjorden nærmare vand.

Der høyrer folk sumtid ein hane gala der det var eit forbrot for ein mannsalder sida n, ein ung man kom burt. Folk har tykt det

var felslegt med dette, og dei såg i skoddever ein båte fæ a over *fjorden*

Dei kallær han Tongabåten for han ror frå Rongen og over mot andre landet. Det er nok ei tid sidan dei har sett han no.

Den guten som kom bort er aldri funnen.

Det er ikkje so punkt innvagnst dett,  
 men arsaka - her seint a skriva  
 so mykje om att. Vedrænt  
 Dorteina Toller  
 5/9 ~ 1957.